

Notat 2001–9

# **Økonomien i jordbruket på Vestlandet**

Temaartiklar

Utviklingstrekk 1990–1999

Tabellsamling 1995–1999

---

<b>Tittel</b>	Økonomien i jordbruket på Vestlandet
<b>Utgiver</b>	Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning (NILF)
<b>Utgiversted</b>	Oslo
<b>Utgivelsesår</b>	2001
<b>Antall sider</b>	71
<b>ISBN</b>	82-7077-404-9
<b>ISSN</b>	0805-9691

---

## Litt om NILF

- Forskning og utredning angående landbrukspolitikk, matvaresektor og marked, foretaksøkonomi, nærings- og bygdeutvikling.
- Utarbeider nærings- og foretaksøkonomisk dokumentasjon innen landbruket; dette omfatter bl.a. sekretariatsarbeidet for Budsjettnemnda for jordbruket og de årlige driftsgranskingene i jord- og skogbruk.
- Gir ut rapporter fra forskning og utredning. Utvikler hjelpemidler for driftsplanlegging og regnskapsføring.
- Finansieres over Landbruksdepartementets budsjett, Norges forskningsråd og gjennom oppdrag for offentlig og privat sektor.
- Hovedkontor i Oslo og distriktskontor i Bergen, Trondheim og Bodø.

# Forord

---

«Driftsgranskinger i jord- og skogbruk» er ei årleg rekneskapsgranskning der det inngår omlag 1 000 bruk over heile landet kvart år. Grunnlagsmaterialet for denne granskninga er omfattande, og mange data vert det ikkje plass til i den landsdekkjande publikasjonen. I tillegg er det stor etterspurnad etter lokale økonomiske data for Vestlandet samtidig som det er ei målsetjing for NILF å gjere dataene lettare tilgjengelege. Notatet kom før første gang ut med talmateriale basert på 1997-rekneskap.

Denne utgåva inneheld mykje av det samme stoffet. Notatet er basert på driftsgranskingsdata frå dei tre vestlandsfylka Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. I denne perioden har det delteke omlag 60 bruk frå kvart av fylka i granskninga. Dei økonomiske dataene i 10-årstrendane i kapittel tre er deflaterte etter konsumprisindeksen, medan 5-årsoversiktane i tabellsamlinga inneheld nominelle kroner frå kvart av åra. Nokre av gruppene er små og vil variere noko mellom år på grunn av dette. Kontinuiteten blant deltakarane i statistikken er god, derfor vil trendane over 5–10 år gje ei god oversikt over den økonomiske utviklinga i jordbruket i landsdelen. I tillegg er totaløkonomien på bruka godt dokumentert.

Jon Sværen og Heidi Knutsen har oppdatert tabellar og figurar, Rolf Rye har oppdatert trendkapittelet, Siv Karin Paulsen og Torbjørn Haukås har skrive temaartiklane. Siri Fauske har ferdigstilt notatet.

Oslo, februar 2001

Leif Forsell



# Innhald

---

	Side
1 INNLEIING .....	1
2 TEMAARTIKLAR FRÅ DRIFTSGRANSKINGANE .....	3
2.1 Investeringar i vestlandsjordbruket .....	3
2.1.1 Investeringar på landsbasis.....	3
2.1.2 Vestlandet.....	4
2.1.3 Ulike driftsformer.....	5
2.1.4 Investeringsmønster på store og små bruk .....	5
2.2 Gjeldsutvikling på Vestlandet 1995–1999 .....	6
2.2.1 Fylke.....	6
2.3 Driftsformer .....	7
2.3.1 Storleiksgrupper .....	8
2.3.2 Gjeldsprosenten.....	9
2.3.3 Likviditet .....	9
3 TRENDAR OG ØKONOMISK UTVIKLING SISTE TIÅRET .....	11
3.1 Resultatmål i jordbruket .....	11
3.1.1 Driftsoverskot.....	11
3.1.2 Arbeidsfortenesta til familien og vederlag til arbeid og eigenkapital .....	13
3.1.3 Lønsevne pr. time.....	16
3.2 Totaløkonomien på vestlandsbruka .....	18
3.2.1 Nettoinntekt.....	18
3.2.2 Skogbruket .....	20
3.3 Soliditet.....	20
3.3.1 Eigenkapitalprosent.....	20
3.3.2 Nettoinvestering .....	21
3.3.3 Gjeld.....	22
4 UTVIKLINGSTREKK SISTE ÅRET .....	23
FORKLARING PÅ FAGUTTRYKKA I TABELLSAMLINGA.....	69
REFERANSAR .....	71



# 1 Innleiing

---

«Driftsgranskinger i jord- og skogbruk» er ei årleg rekneskapsgranskning der det inngår omlag 1 000 bruk over heile landet. I kvart av vestlandsfylka Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal er det omlag 60 bruk som er med i denne granskninga.

Notatet er ei vidareføring av tabellsamlinga frå 1998-data, og vert publisert på bakgrunn av at det frå fleire hald har vore eit ønskje om fleire og meir detaljerte opplysningar om vestlandsjordbruket enn det ein kan finne i den årlege publikasjonen frå driftsgranskningane.

Dette året er det teke med to ulike artiklar med tema om nettoinvesteringar og gjeldsutvikling i jordbruket på Vestlandet.

Utviklinga i økonomien i jordbruket, soliditeten og totaløkonomien til brukarfamilien det siste tiåret er dokumentert i kapittel tre. Trendane i denne perioden er presenterte i figurar. Alle bakgrunnsdataene er deflaterte etter konsumprisindeksen. Kapittel fire omtalar utviklinga siste året.

Tabellsamlinga i kapittel fem inneheld tal frå driftsgranskningane for Vestlandet for dei siste fem åra. Tabellane er delte inn slik at ein kan finne tal for landsdelen, fylka, ulike storleiksgrupper og ulike produksjonar. Alle dei økonomiske dataene i denne bolken, er nominelle tal for åra og dermed ikkje inflasjonsjusterte.

Sist i notatet finn ein forklaringar på dei faguttrykka som er nytta.





## 2 Temaartiklar frå driftsgranskingane

---

### 2.1 Investeringar i vestlandsjordbruket


Investeringsmønsteret i jordbruket kan gje ein god peikepinn på stoda i næringa. For å få eit mål på investeringane i jordbruket, nyttar vi nettoinvesteringar som mål. Dette er bruttoinvesteringar med frådrag av eventuelle tilskot, fråsal og avskrivningar. Er nettoinvesteringa i eit år positiv, vil verdien av produksjonsapparatet bli større. Er nettoinvesteringa negativ, vert verdien mindre. Ein kan då seie at ein slit ned produksjonsapparatet dersom dette er tilfelle over tid.

Investeringane i næringa kan vise om utøvarane i næringa har tru på framtida eller ikkje. På slutten av 80-talet og litt inn på 90-talet i den såkalla jappetida, var det svært høge investeringar også i jordbruket. Ved starten av nittiåra var produksjonsapparatet godt rusta. Mange meinte også at det var overinvestert på mange gardsbruk. I ein slik situasjon kan det også vere positivt med negativ nettoinvestering i ein periode slik at apparatet kjem ned på eit høveleg nivå.

Investeringane minka sterkt etter 1991. Høgt rentenivå og pessimisme i næringa førte til relativt låg investeringslyst. Skattereforma i 1992 medverka også til å dempe investeringslysta ytterlegare ved at mange av dei gunstige ordningane for investeringar, vart tekne bort. Det var også stor skepsis til framtida med den ventande folkerøystinga til EU hausten 1994.

#### 2.1.1 Investeringar på landsbasis

Ser vi på utviklinga på landsbasis dei siste ti åra, var det positiv nettoinvestering i 1990 og 1991. Dei påfølgjande to åra var det negativ nettoinvestering. I 1994 og 1995 var det svakt positive tal, og det har auka jamt dei siste åra frå 2 000 kr i 1994 til 21 000 kr i 1999 i middel pr. bruk.




Figur 2.1 Nettoinvesteringar i middel pr. bruk heile landet målt i faste kroner 1990–99

Går vi inn på dei ulike gruppene av produksjonsmiddel det er investert i, finn vi at det er hovudsakleg bygningar og traktor det er investert i. Siste året er 55 % av nettoinvesteringane i bygningar og 32 % på traktor. Det er også positiv nettoinvestering i faste produksjonsmiddel som jord, vegar og mjølkekvote. Det er hovudsakleg kvotekjøp som slår ut her.

## 2.1.2 Vestlandet

Gardsbruka på Vestlandet følgjer stort sett den same utviklinga som resten av landet. Det er verd å merke seg at det har vore positiv nettoinvestering i middel for vestlandsbruka heile den aktuelle perioden, også i botnåra 1992 og 1993. Grunnen til dette kan vere samansetninga av produksjonane i landsdelen.




Figur 2.2 Nettoinvesteringar i middel pr. bruk på Vestlandet 1990–99 målt i faste kroner

Kva er det så vestlandsbonden har investert i? Ser vi på dataene for 1999, finn vi at det er godt samsvar mellom vestlandsbruka og resten av landet. 62 % av netto-

investeringane er i driftsbygningar og 30 % i traktor. Grøfter og vassanlegg har negativ nettoinvestering noko som viser at det har vore liten aktivitet på dette feltet.

### 2.1.3 Ulike driftsformer

Dersom vi bryt ned materialet for Vestlandet på driftsformer, finn vi store skilnader i investeringsmønsteret. Gruppene vert då også såpass små, at det vil ikkje gje noko rett bilde av situasjonen i enkeltår. Over ein tiårsperiode vil det likevel vere råd å trekkje ein del konklusjonar.



Figur 2.3 Nettoinvesteringar i middel pr. bruk for ulike driftsformer på Vestlandet 1990–99 målt i faste kroner

Det er store skilnader mellom år på dei minste gruppene som sau og mjølke kombinert med svin. Ser vi på trenden over perioden finn vi at det er på svinebruka det har vore størst investeringar. I middel for desse bruka ligg nettoinvesteringa på kr 94 000 pr. bruk pr. år. For sauebruka har det vore negativ nettoinvestering på kr 1 500 i middel over perioden, medan bruka med rein mjølkeproduksjon har hatt ein positiv nettoinvestering på kr 11 000 i middel, noko som ligg om lag på landsgjennomsnittet.


Ser vi på kva det er investert i siste året, finn vi at det på svinebruka og sauebruka ligg alle investeringane på bygningar, medan det for mjølkeproduksjonen er fordelt mellom mjølkekvote, bygningar og traktor. Andre produksjonsmiddel viser negativ nettoinvestering over perioden. Nye forskrifter til husdyrrom og miljøkrav har ført til mange investeringar i bygningsmassen i landbruket. I svinehaldet har det dessutan vore ei vesentleg utviding av produksjonen på mange bruk, noko som viser att i utviklinga av nettoinvesteringane.

### 2.1.4 Investeringsmønster på store og små bruk

For å sjå utviklinga med tanke på storleiken på bruket, er bruka delte inn etter arealstorleik. Grovt sett er mønsteret slik at dei store bruka er heiltidsbruk, medan graden av deltid aukar omvendt proporsjonalt med arealet. Det kan difor vere interessant å sjå om det er skilnad mellom dei ulike storleiksgruppene med tanke på nettoinvesteringar.

Figuren viser at nettoinvesteringane varierer mellom grupper og år. Middelet for tiårsperioden viser dei minste gruppene hadde lågast nettoinvestering. Gruppen med bruk mellom 50 og 100 dekar hadde nettoinvestering på knapt 8 000 kr i middel pr. år,

medan dei to andre gruppene på 100–200 dekar og 200–300 dekar hadde om lag likt resultat på 19 000 kr i middel. Gruppa med bruk under 50 dekar hadde negativ nettoinvestering på kr 3 000 i middel pr. år over perioden.



Figur 2.4 Storleksgrupper, nettoinvesteringar i middel pr. år 1990–99 målt i faste kroner

Dei minste bruka under 50 dekar har investert i traktor, alle andre produksjonsmiddel viser negativ nettoinvestering. For gruppa mellom 50 og 100 dekar det fordelt likt mellom bygningar og traktor/reiskap. Bruka mellom 100 og 200 dekar har hovudsakleg investert i bygningar medan dei største bruka har kjøpt mest traktor og reiskap siste året.

Konklusjonen er at nettoinvesteringane aukar i takt med storleiken av arealet. Heiltidsbruka vedlikeheld og byggjer opp produksjonsapparatet, medan dei minste bruka slit ned produksjonsmidlane. Resultata i enkeltår viser store avvik på dei minste gruppene, men tendensen over tid er klar.

## 2.2 Gjeldsutvikling på Vestlandet 1995–1999


Det har dei siste åra vore ei markant auke av den totale gjeldsbyrda på gardsbruka som er med i driftsgranskingane for Vestlandet. Vi vil her gå nærare inn på tilhøve som påverkar dette. Viser samstundes til kapittel 2.1 om nettoinvesteringar.

Ser ein på samla gjeld for vestlandsbruka, så ligg desse godt under landsgjennomsnittet, men differansen har dei siste åra blitt mindre (figur 2.5). I 1995 var gjennomsnittleg gjeld for landet kr 702 000, medan det i 1999 har auka til kr 790 000, dvs ein auke på 12,5 %. Dei tilsvarende tala for Vestlandet er kr 470 000 i -95 og 642 000 i -99, det vil seie at det her har vore ein auke i total gjeld på 36,5 %. Det er store skilnader både mellom ulike fylke, storleksgrupper og driftsformer.

### 2.2.1 Fylke

Av vestlandsfylka har bruka i Møre og Romsdal høgast gjeld, og dette skuldast i første rekkje større omfang og større gardsbruk enn i dei to andre fylka. I dette fylket har bruka i gjennomsnitt kr 853 000 i gjeld i 1999. Dei to siste åra har den totale gjelda i Møre og Romsdal lege over gjennomsnittet for landet. Mange av bruka i drifts-

granskingane med driftsforma mjølk-svin ligg og i dette fylket, og i denne gruppa har gjelda auka spesielt mykje.




Figur 2.5 Gjeldsutvikling fordelt på fylke i 1999 kroner

Gardsbruka i Hordaland og Sogn og Fjordane har hatt ei nokså lik utvikling av gjelda dei siste fem åra, men gjelda har auka mest i Sogn og Fjordane. I desse fylka har ein fleire bruk med driftsformene frukt og sau, og dette er hovudsakleg små bruk med låge investeringar og låg gjeld. I snitt på desse to fylka ligg gjelda på kr 538 800 i 1999.

## 2.3 Driftsformer

Ser ein på ulike driftsformer er det stor skilnad med omsyn til total gjeld, og utvikling dei siste fem åra. Driftsforma mjølk-svin har hatt den høgaste gjelda pr. bruk, og den største auken gjennom perioden (figur 2.6). Då gruppa mjølk-svin er relativt liten (11–15 bruk), kan tilfeldige tilhøve på det einstilte bruket gje store utslag. Endra forskrifter om hald av storfe og svin har fått store verknader for bruka som driv med svin. For å koma nye krav og retningsliner i møte, har fleire av desse bruka foretatt store bygningsmessige endringar. Dette er svært kapitalkrevjande, noko som ein kan sjå igjen i auka gjeld.



Figur 2.6 Gjeldsutvikling for ulike driftsformer i 1999-kroner


Nokre av bruka som var med i driftsgranskningane fram til 1996–97, har valt å kutte ut satsinga på gris, og har dermed gått ut av denne gruppa. Dei bruka som har kome inn i staden, har i utgangspunktet hatt større produksjon og dermed høgare gjeld. Dette har auka samla gjeld for gruppa. Sju av bruka har vore med i heile perioden.

For gruppa med mjølkeproduksjon har det også vore auke i gjelda, men her er auken og nivået mykje lågare enn for bruk med kombinasjonen mjølk-svin.

For driftsforma sauehald har utviklinga av gjelda vore ei anna. Frå 1995 til 1997 var det ein auke i gjelda på desse bruka, medan det har vore ein nedgang dei to siste åra. I 1999 var det i gjennomsnitt kr 290 000 i gjeld på bruk med sauehald ( 19 bruk). Dei fleste av bruka med sau er deltidsbruk, og lønsemda i sauehaldet har vore dårleg dei siste åra. Det har derfor vore investert lite på desse bruka i perioden. Som følge av dette, har gjelda på desse bruka blitt redusert med 13,5 % dei siste fem åra.

### 2.3.1 Storleiksgrupper

Når det gjeld storleiksgrupper er det store skilnader i gjeldsbyrde (figur 2.7). Dei største bruka har det største omfanget, dei største investeringane, og dermed den høgaste gjelda. Dei to gruppene med bruk over 100 dekar har flest bruk med kapitalkrevjande produksjonar som mjølk eller mjølk i ulike kombinasjonar. For gruppa 50–100 dekar har det vore små variasjonar i gjelda i perioden, medan det relativt sett er ein stor auke i gjelda for den minste gruppa. I gruppa under 50 daa er det ca 15 bruk, dei fleste fruktbruk.



Figur 2.7 Gjeldsutvikling for ulike storleiksgrupper i 1999-kroner

### 2.3.2 Gjeldsprosenten

Gjeldsprosenten er gjeld til familien i prosent av totalkapitalen, og viser kor stor del av egedelane som er finansiert med framand kapital. I 1999 har gardsbruka på Vestlandet i snitt ein gjeldsprosent på 33,7, medan prosenten er 38,9 for landet totalt. Gjeldsprosenten er aukande med storleiken på bruket, og varierer mykje mellom driftsformer. Bruk med saueproduksjon har både lågast gjeld, lågast totalkapital og lågast gjeldsprosent (18,9 %). Medan bruka med driftsform mjølk/svin har den høgaste totalkapitalen, og ein gjeldsprosent på 56,9.

### 2.3.3 Likviditet

Samansetninga av gjelda på det enkelte bruk har mykje å seie for likviditeten på bruket. Dersom den kortsiktige gjelda er høg samstundes som ein har mykje langsiktig gjeld, kan situasjonen vere sær s uheldig dersom noko uføresett skjer. Det kan då vere vanskeleg å få tak i kapital til å løyse den oppståtte situasjonen. Der er derfor viktig å halde den kortsiktige gjelda på eit akseptabelt nivå i høve til den langsiktige gjelda. Kortsiktige lån er og mykje dyrare enn langsiktige lån. For alle bruk på Vestlandet utgjer kortsiktig gjeld 26,3 % av den totale gjelda i 1999, og det er nokså likt med gjennomsnittet for landet. Elles vil delen av kortsiktig gjeld variere ein god del med driftsform og storleiksgruppe.





## 3 Trendar og økonomisk utvikling siste tiåret

---

Dette kapittelet syner ein del trendar og utviklingstrekk i jordbruket på Vestlandet frå 1990 til og med 1999. Materialet er gruppert etter region, fylke, storleik og driftsform. Det er nytta figurar til å visa utviklinga i dette kapittelet, medan talmaterialet for dei siste fem åra er vist i tabellar i kapittel fem. Alle resultatata i dette kapittelet er omrekna til 1999-kr etter konsumprisindeksen.

### 3.1 Resultatmål i jordbruket

Figurane i dette avsnittet viser utviklinga for følgjande resultatmål i jordbruket: driftsoverskot pr. bruk, arbeidsfortenesta til familien pr. bruk og pr. årsverk, vederlag til arbeid og eigenkapital pr. årsverk og lønsevne pr. time.

#### 3.1.1 Driftsoverskot


Frå 1990 til 1993 var det etter måten små endringar i driftsoverskotet, medan det har vore ein markert nedgang etter 1993 med unntak av 1998 kor ein fekk ein relativt stor auke (fig 3.1). I middel for Vestlandet gjekk driftsoverskotet ned med 31 % frå 1990 til 1999. Nedgangen frå 1990 til 1997 skuldast mindre overføringar og auka kostnader. For 1998 skuldast oppgangen hovudsakleg betre prisar og auka overføringar medan overproduksjon særleg på kjøt i 1999 gav sær s låge prisar og nedgang i driftsoverskot.

Det er omlag same utvikling i driftsoverskot mellom dei ulike fylka gjennom perioden (fig 3.2). Møre og Romsdal ligg noko høgare enn dei to andre fylka. Dette skuldast hovudsakleg at det er større bruk/produksjonsomfang i Møre og Romsdal.


Driftsoverskotet varierer med ulik bruksstorleik (fig 3.3). Dei største bruka har det største driftsoverskotet, men òg den største variasjonen. Ei av årsakene kan være at det er få bruk i denne gruppa, og skifte av bruk kan gje store utslag. I 1990 var det ein vesentleg nedgang i kjøtprisen noko som visar att i eit lågt nivå for den største gruppen då desse har størst kjøtproduksjon. Dei to største gruppene har omlag same utvikling frå 1993 til 1999. Gruppa 50–100 dekar har hatt ein positiv utvikling dei siste to åra. Den

minste gruppa varierer noko. I denne gruppa er det med produksjonar som varierer mykje mellom år i tillegg til at gruppa er liten.


Det er stor skilnad i driftsoverskot mellom ulike driftsformer (fig 3.4). Høgast driftsoverskot finn ein i kombinert produksjon mjølk/svin. Dette er relativt store bruk med stort produksjonsomfang. Desse bruka har likevel hatt den største nedgangen i driftsoverskot gjennom perioden. Driftsforma mjølkeproduksjon har vesentleg lågare driftsoverskot enn mjølk/svin, men fylgjer omlag same utvikling. Sauehald har det lågaste driftsoverskotet, men likevel auke i driftsoverskot dei siste to åra. Auka pris på sauekjøt er den viktigaste faktoren. For frukt har ein med tal frå dei siste åtte åra. Fruktbruka har små areal, men høg utnytting av desse. Bruka i denne gruppa har hatt ein stor nedgang i driftsoverskot gjennom perioden, med unntak for 1998 då det var sær store avlingar.




Figur 3.1 Driftsoverskot i middel pr. bruk i 1999-kr for Vestlandet og heile landet



Figur 3.2 Driftsoverskot i middel pr. bruk i 1999-kr for dei tre vestlandsfylka




Figur 3.3 Driftsoverskot i middel pr. bruk i 1999-kr for ulike storleiksgrupper for dei 3 vestlandsfylka




Figur 3.4 Driftsoverskot i middel pr. bruk i 1999-kr for ulike driftsformer for Vestlandet

### 3.1.2 Arbeidsfortenesta til familien og vederlag til arbeid og eigenkapital


Arbeidsfortenesta til familien og vederlag til arbeid og eigenkapital viser ein jamnare utvikling enn driftsoverskotet. Dette skuldast minkande rentenivå utover i perioden. Frå 1990–92 var renta som vert nytta ved utrekning av arbeidsfortenesta til familien 10 %, medan ho har gått jamt ned til 6 % i 1997. Mot slutten av 1998 fekk vi ein kraftig renteauke i marknaden. Rentekravet blei difor sett til 6,5 % for 1998 og 7,0 % for 1999. Auka rentekrav verkar mest inn på driftsformene med mest innsett kapital. Det er òg godt samsvar mellom utvikling av arbeidsfortenesta til familien og vederlag til arbeid og eigenkapital. Figurane 3.5 til 3.10 syner utviklinga for dei to resultatmåla for ein-skilde driftsformer og skilnadene mellom dei ulike driftsformene.




Figur 3.5 Utvikling for ulike resultatmål for bruk med mjølkeproduksjon i 1999-kr




Figur 3.6 Utvikling for ulike resultatmål for bruk med mjølk/svin i 1999-kr




Figur 3.7 Utvikling for ulike resultatmål for bruk med sauehald i 1999-kr



Figur 3.8 Utvikling for ulike resultatmål med fruktdyrking i 1999-kr




Figur 3.9 Arbeidsfortenesta til familien pr. årsverk, Vestlandet, i 1999-kr




Figur 3.10 Vederlag til arbeid og egenkapital pr. årsverk, Vestlandet, i 1999-kr

### 3.1.3 Lønsevne pr. time


Lønsevne pr. time har i middel endra seg lite for jordbruket på Vestlandet i den siste tiårsperioden, men visar ein jamn nedgang frå 1992. Dette trass i at det ligg færre timar bak. Auka rentekrav dei to siste åra verkar og inn. Det er noko skilnad mellom dei tre fylka, og Møre og Romsdal har hatt høgast lønsevne pr. time fram til og med 1998. Det er fleire store bruk i Møre og Romsdal enn i dei to andre fylka. Nedgang i produktprisar, auka investeringar og auka rentekrav har størst virkning på dei store bruka. Det er såleis store variasjonar mellom ulike storleiksgrupper og ulike driftsformer. Figurane 3.11–3.14 visar dei omtala tilhøva.




Figur 3.11 Lønsevne pr. time i middel for jordbruket på Vestlandet og landet i 1999-kr



Figur 3.12 Lønsevne pr. time i 1999-kr for dei tre vestlandsfylka



Figur 3.13 Lønsevne pr. time for ulike storleiksgrupper i 1999-kr




Figur 3.14 Lønsevne pr. time for ulike driftsformer i 1999-kr


## 3.2 Totaløkonomien på vestlandsbruka

### 3.2.1 Nettoinntekt

Nettoinntekt er resultatmål for totaløkonomien for bruket. Middel for alle bruk på Vestlandet har variert mellom kr 300 000 til omlag kr 350 000 i den siste tiårsperioden (alle tal i 1999-kr). Av driftsformene er det mjølk/svin som har hatt den høgaste nettoinntekta, med kr 347 000 i middel pr. bruk, medan frukt har lege lågast med omlag kr 302 000. Nettoinntekta for jordbruket på Vestlandet har lege under middelet for landet det meste av perioden.




Figur 3.15 Nettoinntekt pr. bruk i middel for Vestlandet 1990–99 i 1999-kr




Figur 3.16 Driftsoverskot jordbruket og nettoinntekt for bruk med mjølkeproduksjon i 1999-kr






Figur 3.17 Driftsoverskot jordbruk og nettoinntekt for bruk med mjølk/svin i 1999- kr




Figur 3.18 Driftsoverskot jordbruk og nettoinntekt for bruk med sauehald i 1999-kr



Figur 3.19 Driftsoverskot jordbruk og nettoinntekt for bruk med frukt i 1999-kr

## 3.2.2 Skogbruket

Dei fleste gardsbruka i driftsgranskingane har skogareal knytt til bruket. Mesteparten av bruka driv lite aktivt skogbruk og skogen utgjer berre ein liten del av totalinntekta. På ein del bruk betyr derimot inntekter frå skog og utmark mykje.




Figur 3.20 Driftsoverskot i skogbruket, Vestlandet, 1999-kroner

Driftsoverskotet for skogbruket i perioden 1990–99 har variert lite bortsett frå 1992 som var eit unnatak (fig 3.20). I nyttårshelga 1992 vart Nordvestlandet råka av ein kraftig orkan som førte til mykje vindfall. Mesteparten av dette virket blei tatt ut i 1992 og gav såleis høge inntekter i skogen for dei bruka som blei råka. I samband med orkanskadene blei det òg utbetalt ein del erstatningar i 1992 og 1993. Det er særleg på Nordmøre at skogbruket utgjer ein vesentleg del av inntekta på ein del bruk. Likevel gjev det ikkje store utslag på totaltala for fylket då med unnatak for 1992 og 1993.

## 3.3 Soliditet

### 3.3.1 Eigenkapitalprosent


Soliditet er eit uttrykk for evna til å tåle tap. Ein kan bruke fleire nøkkeltal for å vise dette, og eit av dei er eigenkapitalprosenten. Det er tilrådd at denne storleiken er over 50, men han kan og være lågare utan at det er fare på ferde. Høg eigenkapitalprosent gjev høve til å ta opp lån på gode vilkår dersom det skulle bli naudsynt. Inntening og renta på lånt kapital har mykje å seie for kor høg eigenkapitalprosenten treng vere. Låg inntening og eigenkapital samstundes med høg rente på lånt kapital er ein særleg dårleg kombinasjon. I materialet er alle eignedelar til brukarfamilien med, også private eignedelar (våningshus, privatbil, mm). Vestlandet har hatt ein liten auke i eigenkapital og ligg høgre enn landsgjennomsnittet for heile perioden. Det er små skilnader mellom dei tre fylka, men Sogn og Fjordane har lege høgst i heile perioden (omlag 70 %). Mellom ulike driftsformer er det større variasjonar. Bruka med fruktproduksjon har klart høgast eigenkapital i høve til total eige, medan kombinasjonen mjølk/svin har den lågaste eigenkapitalprosenten i perioden.



Figur 3.21 Eigenkapitalprosent

### 3.3.2 Nettoinvestering


Nettoinvesteringane i middel for Vestlandet har gått mykje ned sidan 1991 (fig 3.22). For perioden 1989–91 var nettoinvesteringane i middel kr 21 700, medan dei for perioden 1992–97 var nede i kr 6000. I 1998 og 1999 har det vore ein sterk auke i nettoinvesteringane på Vestlandet. Det er særleg Møre og Romsdal som har hatt auke. Vestlandet har hatt ei høgare nettoinvestering enn heile landet i middel for tiårsperioden. I perioden 1994–98 er nettoinvesteringane i middel omlag lik mellom Vestlandet og heile landet. For perioden 1992–93 var nettoinvesteringane særst låge eller negative. Dette har truleg samanheng med høgt rentenivå, usikker økonomisk utvikling i jordbruket og EU-avstemminga i 1994. Mellom ulike driftsformer er det store skilnader med omsyn til nettoinvesteringane i perioden. Det er særleg gruppa mjølk/svin, men òg andre bruk med mjølk som har hatt dei største nettoinvesteringane. Dette har truleg samanheng med dei nye forskriftene om hald av storfe og svin.



Figur 3.22 Nettoinvestering for Vestlandet og landet 1989–98 i 1998-kr

### 3.3.3 Gjeld

Samla gjeld for vestlandsbruka har lege mykje under landsgjennomsnittet. I middel for perioden hadde bruka på Vestlandet omlag kr 527 000 i gjeld mot kr 737 000 for landet. Av vestlandsfylka har Møre og Romsdal høgast gjeld og dette skuldast i første rekkje større omfang og større bruk enn i dei to andre fylka. Det er store skilnader både mellom ulike storleiksgrupper og ulike driftsformer. Dei største bruka har som venta og størst gjeld (fig 3.23). Ser ein på ulike driftsformer har kapitalkrevjande produksjonar som mjølk eller mjølk i ulike kombinasjonar mykje høgare gjeld enn bruka med sau eller frukt.



Figur 3.23 Gjeld på bruk i ulike storleiksgrupper, 1999-kroner

## 4 Utviklingstrekk siste året

---

### Hovudtendensar for 1999:

- \* **Stor nedgang i driftsresultatet**
- \* **Overproduksjon og dårlege prisar for hovudprodukta**
- \* **Auke i inntekter utanom bruket**

I materialet for jordbruksforhandlingane er *vederlag til arbeid og eigenkapital* eit sentralt resultatmål. Vi har difor valt å presentere dette også frå driftsgranskningane. Dette kjem fram ved å leggje til leigd arbeid til driftsoverskotet og trekkje frå renteutgifter til lånt kapital i jordbruksdrifta og kår. Resultatet viser ein nedgang frå 132 900 til kr 125 200 (–5,8 %) frå 1998 til 1999.

*Driftsoverskotet* pr. bruk var i 1999 i middel kr 153 200 mot kr 167 600 i 1998. Målt i faste kroner er dette det lågaste resultatet sidan 1973. Driftsoverskotet skal gje vederlag til familien sitt arbeid i drifta samt eit rimeleg rentekrav for kapitalinnsatsen. Driftsoverskotet viser ein nedgang på 8,6 % i middel for dei tre vestlandsfylka.

Tala frå NILF viser at lønsemda varierer med *bruksstorleik og driftsform*. Av dei 171 bruka på Vestlandet som er med, har 14 bruk mindre enn 50 dekar innmark, 51 bruk har mellom 50 og 100 dekar innmark, 87 bruk har mellom 100 og 200 dekar og 15 bruk er mellom 200 og 300 dekar. Fire bruk er større enn 300 dekar. Vederlag til arbeid og eigenkapital pr. årsverk (1 875 timar) for dei minste bruka var kr 82 400, medan bruka mellom 200 og 300 dekar oppnådde kr 144 800 pr. årsverk. Ulik driftsform forklarar mykje av skilnaden i utvikling mellom gruppene.

*Mjølkeproduksjon* har i mange år utgjort basisen for landbruket på Vestlandet. Det er difor flest bruk i denne gruppa (81). Det er også denne driftsforma som viser det beste driftsresultatet i 1999. Talet på årskyr var i 1999 i middel 13,1, ein auke på 0,5 årskyr

frå 1998. Mjølkebruket har i middel 147 dekar. Driftsoverskotet pr. bruk utgjorde kr 167 500, mot kr 186 800 i 1998. Vederlag til arbeid og eigenkapital pr. årsverk gjekk ned med kr 13 200 til kr 133 100. Dette er ein nedgang på 9 %. Mjølkeprisen gjekk ned med 8 øre pr. liter i middel, medan storfekjøtpriisen fall med om lag 3 kr pr. kg.

Kombinasjonen *mjølkeproduksjon/svinehald* har tradisjonelt hatt best lønsemd. I 1999 viste resultatet for desse bruka lågare vederlag enn rein mjølkeproduksjon. Dette er relativt store bruk med 184 dekar innmark i middel. Driftsforma omfattar i alt 11 bruk med eit middels produksjonsomfang på 12,2 årskyr, 23 purker og 217 slaktegrisar. Driftsoverskotet pr. bruk gjekk ned med 17,2 %. Vederlag til arbeid og eigenkapital pr. årsverk var kr 131 600. Det er ein nedgang på 18,6 % frå 1998. Nedgang i pris på storfe- og svinekjøt, mjølkepris og smågrispris medfører sterk nedgang i resultatet. Store investeringar i svinehaldet er også med på å svekke resultatet for denne gruppaa.

*Sauehaldet* (19 bruk) viser om lag uendra resultat frå 1998. Driftsoverskotet pr. bruk auka med kr 5 000 i middel. Vederlag til arbeid og eigenkapital pr. årsverk var i 1999 kr 78 800. Dette er ein nedgang på kr 200 frå året før. God marknad for sauekjøt og gode prisar gav auka inntekter, men kostnadsauken gjer at resultatet er om lag uendra.

*Frukt/sauehald* (18 bruk) hadde eit svakt resultat i 1999. Små fruktavlingar gav lågare inntekter sjølv om det var betre prisar på produkta. Driftsoverskotet gjekk ned med kr 33 000 til kr 102 500. Vederlag til arbeid og eigenkapital pr. årsverk gjekk ned med kr 12 400 til kr 100 700.

Resten av bruka i driftsgranskingane for Vestlandet (42 bruk) er fordelt på ulike driftsformer.

*Nettoinvesteringar er sum investeringar i jordbruket med frådrag av kapitalslit (avskrivningar), fråsal og eventuelle investeringstilskot. Det var positiv nettoinvestering i alle fylka, særleg galdt dette for Møre og Romsdal. Ei positiv nettoinvestering vil seie at ein aukar verdien på produksjonsmidlane i løpet av året. Det er særleg innafor svineproduksjonen det har vore større investeringar siste året.*

*Nettoinntekta* i middel pr. bruk viser ein liten auke på 1,4 % til kr 342 900. Nettoinntekta omfattar driftsoverskot frå jord- og skogbruk, andre næringar, løner, trygder og pensjonar, dessutan renteinntekter og verdi av eige arbeid på nyanlegg. Gjeldsrenter og kår er trekte frå.

Driftsgranskingane viser at *inntekter utanom den tradisjonelle jordbruksdrifta* utgjier ein stadig større del av nettoinntekta. Inntekter utanom jordbruket utgjorde i 1999 55 % av nettoinntekta til familien mot 51 % året før. Går vi litt tilbake i tid, utgjorde dette 35 % i 1990, 24 % i 1985 og 15 % i 1980. Ein del av desse inntektene er anna næring med basis i ressursane på bruket.

*Samla gjeld* auka med kr 48 000 frå 1998, og utgjier i middel kr 642 000 for alle deltakarbruka på Vestlandet. Samla innbetaling av gjeldsrenter auka med kr 6 800 til kr 35 300.

Alle dei presenterte resultatata er middeltal frå grupper av bruk. Det er stor spreing i materialet, noko som ikkje kjem fram her. Middeltala for dei 171 vestlandsbruka gjev likevel ein god peikepinn på korleis den økonomiske utviklinga for jordbruket på Vestlandet har vore.

Tabell 4.1 Samla oversikt for 1999

	Tal bruk	Gj.areal dekar	Driftsoverskot pr. bruk		Vederlag til arb. og eigenkap. pr. årsv.	
			1998	1999	1998	1999
Vestlandet, alle	171	128	167 600	153 200	132 900	125 200
Hordaland	58	116	157 800	148 400	126 200	128 100
Sogn og Fjordane	57	118	150 200	140 700	129 700	120 900
Møre og Romsdal	56	161	194 900	171 000	141 400	125 800
Bruk < 50 dekar	14	40	89 000	62 400	91 500	82 400
« 50–100 dekar	51	78	114 000	124 100	106 200	109 600
« 100–200 dekar	87	146	193 400	197 700	145 300	131 900
« 200–300 dekar	15	253	249 100	220 593	156 700	144 800
Mjølkeproduksjon	81	147	186 800	167 500	146 300	133 100
Mjølksauelhald	24	145	175 700	179 200	119 100	121 900
Mjølksvinehald	11	184	277 600	229 900	161 600	131 600
Sauelhald	19	81	49 500	54 500	79 000	78 800
Frukt m.sau	18	55	135 500	102 500	113 100	100 700

Alle beløpa i tabellen er oppgjevne i nominelle kroner

Tabell 4.2 Vederlag til arbeid og eigenkapital pr. årsverk i Vestlandsjordbruket i perioden 1975–1999

År	Tal bruk	Vederlag til arb. og eigenkap. pr. årsverk		Konsumprisindeks
		Nominelle kr		
		Nominelle kr	1999-kr	
1975	174	32 000	122 100	26,8
1980	156	66 700	169 700	40,2
1985	167	95 300	157 500	61,9
1990	178	122 800	150 100	83,7
1995	179	127 100	138 000	94,2
1996	174	124 600	133 700	95,3
1997	174	123 700	129 400	97,8
1998	173	132 900	135 900	100,0
1999	171	125 200	125 200	102,3

# Forklaring på faguttrykka i tabellsamlinga

---

**Arbeid:** Både leigd arbeid og arbeidet til familien vert registrert etter medgått arbeidstid. Born i familien over 17 år som har arbeidd i jordbruket, vert førte som leigd hjelp i rekneskapen. Arbeidet til familien på nyanlegg vert halde utanom produksjonen i jordbruket.

**Areal:** Jordbruksareal i dekar. Leigd jord er med i dette, men ikkje bortleigd. Overflatedyrka beite vert teke med som redusert areal. Utmarksbeite er ikkje med.

**Avskrivning:** Verdinedgang på grunn av slitasje og stigande alder. Det blir brukt lineære avskrivningar. (Like stor nominell verdinedgang kvart år).

**Driftsoverskot:** Produksjonsinntekter minus kostnader.

**Eigenkapital:** Totale egedelar minus gjeld.

**Eigenkapitalprosent:** Viser kor stor del av egedelane som er finansierte med eigenkapital.

**Egedelar:** Også kalla aktiva. Egedelar i jordbruket er verdsette ut frå bokført verdi, med andre ord innkjøpspris med tillegg av nyanlegg og frådrag for avskrivningar og fråsal.

**Arbeidsfortenesta til familien:** Driftsoverskot minus kalkulerte renter av gjennomsnittsverdi av egedelar i jordbruket

**Kostnader:** Verdien av dei varene og tenestene som er lagt ned (brukt) i produksjonen.

**Lønsevne:** Arbeidsfortenesta til familien pluss kostnader til leigd arbeid

**Nettoinntekt:** Driftsoverskot for alle yrkesgreiner, løsinntekter og trygd, med tillegg av renteinntekter og verdien av familien sitt arbeid på nyanlegg, minus rente- og kårutgifter.

**Nettoinvestering:** Verdi knytt til kjøp av faste egedelar som traktor, maskiner og reiskap, driftsbygningar, jord og grøfter, minus avskrivningar, investeringstilskot og verdien av selde egedelar.

**Produksjonsinntekter:** Verdien av varer og tenester som er produserte i løpet av året.

**Vederlag til arbeid og eigenkapital:** Driftsoverskot og kostnader til leigd hjelp, minus jordbruket sin del av renter på gjeld og kår.

**Årsverk:** Eit årsverk i jordbruket er sett til 1875 timar. Timane er registrerte.



# Referansar

---

NILF, fleire årgangar, Driftsgranskinger i jord- og skogbruk. Regnskapsresultater, Oslo.